

# **ROLLAGMÅLET**

**Ei arbeidsbok og eit oversyn over målføret i Rollag  
med historiske føresetnader og  
utviklingstrekk**

**av**

**Even Tråen**

## **Innhald:**

Fyreord .....	2
<b>Innleiing og språkhistorie.....</b>	<b>4</b>
Kva er eit språk?.....	4
Språkutvikling .....	4
Urnordisk.....	5
Norrønt mål. ....	5
Mot eit norskt skriftspråk. ....	6
Runer .....	6
Dialektframvokster.....	7
Eit døme frå omkring 1650. ....	8
1700-tals Rollag mål .....	8
Om lydverket.....	10
Diftongane .....	10
Konsonantar.....	10
Tjukk L.....	11
Gamalnorsk hv- .....	11
Palatalisering .....	11
Jamning .....	11
<b>Grammatikkdel</b>	
Substantiv .....	12
Adjektiv .....	17
Kasus .....	18
Pronomen .....	18
Verba .....	22
Adverb .....	27
Bindeord .....	29
Preposisjonar .....	30
Talord .....	31
Målprøve frå Rollag .....	33
GjartrusfuggLn. ....	33
<b>Alfabetisk ordliste .....</b>	<b>36</b>
Spørjeskjema .....	55
Kjelder.....	60

## FYREORD:

Dette heftet du no har i handa er eit forsøk på å vise korleis talemålet i Rollag har vore til i dag. Dette vart skrivi for 20 år sidan som eit særmenne i eit norskstudie eg gjorde ved Telemark Lærarhøgskule. Lengje har det vore tanken å skrive det om att og få det trykt, men det er fyrst no eg har fått gjort det. Innhaldet er tredelt. Fyrst ei kort og enkel språkhistorie som er eit forsøk på å setja Røllagsmålet inn i ein samanheng. Så følgjer ein grammatikkdel og til slutt ei ordliste over ord som har vore bruka her i bygda. Grammatikken bør ikkje skræme nokon, dessutan er det nødvendig å gjera det slik. Det var Ivar Åsen si openberring det, at han plutselig innsåg at hans talemål, *det sunnmørske almuesprog*, kunne plasserast direkte inn i ein latinsk grammatikk. Språket hans var oppbygd på same måte som det latinske språk!

Det er altså Rollagmålet eg har skrivi om. Vegglimålet ligg sjølsagt snublande nært og mange vil ikkje kunne høyre forskjell på ein veggling og ein rølling.

Det er likevel forskjellar, det gjekk eit språkskilje etter Risteigsbekken, det vil si etter soknedelet mellom Veggli og Rollag. Forskjellen fann ein i substantivbøyinga. Nord for dette delet sa dei td. *jentu, hesta, kjørkju, felu* osv. Og på søre sida sa dei så *jentur, hestar, kjørkjur, felur*. Dette er kalla *-r bortfall i fleirtall*. Heile dalen nordover frå Risteigen har dette. Nørdest i Veggli sa dei vidare *temmer* for *tømmer*. (I Nore seier dei *timmer*). Elles er det nok berre små forskjellar på Veggling og Rølling.

Sydover blir forskjellen stor og heilt markant. Tidlegare var det slik at på Rostad som er den sönste garden i Rollag, så snakka dei rølling, medan på Rebberud som er den nørdeste i Flesberg, så snakka dei flesberging. Her møttes fjellbygdmålet og flatbygdmålet i eit skarpt og markant skilje. I dag er det nok dette skiljet vaska ut ein del.

Eg trur at dialekta i Rollag er sterkt truga. Om få tiår er det sannsynleg at særpreget i talemålet vårt er borte. Det er ei utvikling som ikkje lar seg stoppe, trur eg, men ein kan alltid håpe. Det er eit ønskje at dette heftet kan vera med på å snu tendensen eller i alle fall bremse noko på farten.

I dag brukar ungane så å seia utan unntak eit bymålsprega talemål. Påverknaden utanfrå er for stor. Dessutan går alle i barnehage og brukar det same språket frå dei er små.

Det er i og for seg ikkje noko gale i det, det viktigaste for kvar einskild unge er trass alt at dei lærer seg talens bruk for å bli høyrte og for å kunne hevde sine «interesser». Likevel er det trist at dette særpreget som røllingsmålet er skal bli borte. I gamal tid var det to merkje ein hadde for å vise omverda kor ein hadde opphavet sitt. Det eine var i klesdrakta, og det andre var i talemålet. Ein skreppekaren frå Numedal var ein gong på handelsreise i Sør-Hordaland. Ein bonde spurde om han ville ta med ein pengesum til ein kjøpmann i Stavanger. Jau, det kunne skreppekaren gjera, men han lurte på om bonden turde det, i og med at dei ikkje var kjende frå før. *Jau, det tør eg sa bonden, -er du ikkje numedøl da?* Skreppekaren vart heimfesta både gjennom tale og klesdrakt må ein tru. Bunaden er borte frå dagleg bruk, men språket kan ein fortsatt nytta for å vise opphavet sitt.

Heftet er laga som eit arbeidshefte. Det er gjort plass til eigne utfyllingar både i grammatikkdelen og til slutt i ordlista. Dessutan vil du finne eit spørjeskjema med kontrollspørsmål på slike fenomen i målet vårt som eg meiner er på vikande front.

Du kan studere dette sjøl eller gå saman med familie, syklubb eller andre i lag og foreningar og gå gjennom heftet som i ein studiering for å sjå korleis det står til med talemålet ditt. Lærarar og barnehagepersonell bør kunne bruke heftet på same måte i planarbeidet sitt.

Dette er ikkje noko vitskapleg verk. Eg fangar td berre unntaksvis opp dei forskjellane som finst innan bygda. Utakleivingane har litt andre former enn dei åvom Kleive. Og dei nørdest i soknet har former att som skil seg ut frå dei i Slett-Røllag. Vidare har eg ikkje hatt kapasitet til å gå skikkeleg inn i Vegglimålet. Det er ein svakhet ved framstillinga, men vegglingen vil likevel kunne bruke heftet, forskjellane er ikkje større. Og dei formene som avvik frå min *normal* kan du fylle inn sjøl når du går i gang med heftet.

Eg har teke utgangspunkt i det målet som vart tala i familien min, og du vil finne at mange former er gamaldagse. Men det skulle vera eit ganske godt døme på korleis talemålet vart nytta her for om lag femti år sidan.

Etter mykje grubling har eg kome til at eg ikkje vil nytte lydskrift. Det vil dei fleste lesarane kunne glede seg over. Lydskrift er umogleg å lesa for dei som ikkje har studert det. Sjølv sagt kunne eg ha hatt begge delar, men da hadde eg aldri vorte ferdig med arbeidet. Det er med på å svekke framstillinga, men det fær no so vera. Du vil likevel sjå at mange former skil seg frå skriftnorma. Det får du ta som det er det er ein tanke med det. Eks. så skriv eg diftongen *au* som *øu* som i *søu* (for sau). Den kan diskuterast men eg synes denne lyden er så fin og spesiell ar eg har gjort det slik. Han vart bruka slik av gamle folk da eg var liten!

Så kjære lesar, du får ta det som det er, eit velmeint ønskje om å kunne bidra til at målet kanns skal kunne ri av ein storm som er i ferd med å blåse merkjet kanns overende.

Rollag Mållag er med på utgjevinga og har kosta trykkinga. Ein stor takk til Mållaget for det! Sissel Bergan har laga den fine framsida, takk til Sissel. Olav Jaren har lese korrektur, stor takk til Olav for det!

Elles ein takk til dei eg har vøkse opp med. Mange av dei borte, men målet deira vonar eg lever vidare i dette arbeidet!

Trøllhøvd 29. mai 1997

## **INNLEING:**

### **KVA ER EIT SPRÅK?**

Språk er eit system av lydar, lydsamansetjingar og kombinasjonsreglar. Korleis dette har vorte til veit ingen.- Dette storarta instrumente som språket er, vart utvikla på eit trinn i menneskje-soga som ligg langt attanfor den tida me har høve til å studere.

Språket har til alle tider vore det viktigaste kommuniseringsmidlet menneskja har. Når me vil opplyse andre om tankar, idear, spørsmål, kjensler osb, gjer me det oftast ved hjelp av språket. Språket har vidare sterke sosiale funksjonar. For folk som snakkar same språket, er språket ein samanbindande faktor, og det er neppe noko sosialt band som verkar sterkare enn dette.

Herunder finn ein dialekter som eit godt døme. Inna ei bygd talar alle i hovuddrag same språket, jamvel ei lita grend kan skilja seg ut frå eit større dialektområde. Og språket verkar derved som ein samlande faktor.

Ei anna gruppering av språk er sosiolekt, som og verkar samanbindande på same måte som ei dialekt. Ja ofte kanskje enno sterkare. Døme på dette er over- og underklassespråket i ein by, ungdomssjargong, og ulike yrkesspråk. Her i bygda vil ein kunne finne at dei som tilhøyrrer primærnæringa har sitt eige språk når dei snakkar saman på same måten som KA-arbeidarane har sitt. Desse sosiolektfenomena kan nyttast slik at utanforståande ikkje forstår kva det blir snakka om, og derved kan det verke ekskluderande på dei som ikkje kjenner termene, samstundes som det verkar som lim på dei som nyttar det. Det er ein ufin måte å bruke språket på, men det er farleg freistande å gjera det når høvet byr seg. Eg trur forøvrig at dialekta blir bruka på same måte frå tid til annan.

### **SPRÅKUTVIKLING:**

Det bør vera interessant å sjå litt på korleis språket har utvikla seg fram mot det me har og brukar i dag. Har du tenkt på kor mange hundre år du kunne reise attende og enda forstå dei du møter? Det kjem eg tilbake til.

Sjøl om mange språk høyrest heilt ulike ut er det visse drag som bitt dei saman i språkgrupper. Norsk er eit nordisk språk saman med svensk, dansk, færøysk og islandsk. Denne nordiske språkgruppa er oppslutta i eit større slektskap, nemleg germansk. Det er tysk engelsk, hollandsk osb.

Denne germanske språkgruppa er vidare ein del av ei meir omfattande språkætt som er kalla indo-europeisk. Denne ætta omfattar ei rekkje språk frå India i aust til Portugal i vest. Slektskapet ligg i at ein finn samsvar i dei grammatiske formene. Dersom eit slikt samsvar ikkje er til stades som i td norsk og samisk, kan ein ikkje rekne slektskap.

Ein gong i urtidene har helst alle germanarar tala eitt språk-urgermansk. Men gjennom tidene har dette forandra seg, vorte utvikla slik at me fekk ei mengd ulike germanske språk.

Eitt av desse var:

### **URNORDISK.**

Særmerkt ved urnordisk er dei lange vokalrike orda. Av dei språk ein kjenner no kan det minne om walisisk. Lange ord ein nesten ikkje kan uttala.

Men det urnordiske språket måtte på grunn av dette vera ein klangfullt språk. Frå innskripsjonar på bautasteinar kjenner me litt til dette språket, og døme på mannsnamn frå denne perioden er *Hariwulafar* og *Stainawarjar*.

Men opplysingane er få naturleg nok, likevel er Tunesteinen i Østfold ei ganske rik kjelde. Det er uråd seia når denne urnordiske perioden er i si byrjing. Tunesteinen reknar ein er frå om lag år 450, og at denne urnordiske perioden får ei gradvis endring etter dette. Fram mot 1300 talet og svartedauden kjem no ein ny bolk som ein kallar den norrøne perioden.

### **NORRØNT MÅL.**

I overgangen mellom urnordisk og norrønt skjer truleg det største brigde i vår språkhistorie. Vi ser ei sterk forenkling frå dei lange orda og ned til stuttare.

*Hariwulafar* og *Stainawarjar* blir til Halfr og Stainnarr. I tillegg vert det teke opp ein del lånord særleg frå latin og keltisk som td. *caupo* som blir til *kaup* (kjøpe-kjøpmann). *Pondo* blir til *pund* og *æmbæti* kjem også inn saman med *tun* og *jarn*. Desse reknar vi som norske i dag, men dei er altså kome inn utanfrå i denne norrøne perioden. Dette skjer i heile Norden om enn ikkje heilt samstundes.

I norrøn tid får me skiljet mellom aust-nordisk og vest-nordisk. Dansk og svensk er austnordisk, medan norsk, islandsk og færøysk blir rekna for vest-nordisk.

Me er i vikingetida, og det var no at grensene for nasjonalstatane i Norden vart dregne. Og språka vart forma innan desse grensene etter kvart. Dette galdt helst skriftspråket, talespråket kjende ingen grenser enda. Likevel kan ein frå vikingetida (ca. år 1000) rekne svensk, dansk og norsk som eigne språk.

Det norske språkområdet får si største utgrensing i vikingetida med alle toktene vestover i havet. Og mange ord i engelsk har norsk opphav. *London* skal visstnok ha opphav i norsk lund og ha heitt *lundunum*.

På desse toktene møter nordmennene bokstavar for fyrste gong. Til no hadde runene vore nytta til å uttrykke språket skriftleg. Nordmennene fann fort ut at dei kunne bruke dei nye

sokalla latinske bokstavane til skrift. Ein kan rekne med at det norske språket vart skrivi i noko omfang frå 1050.

Ein kjenner helst ikkje dei fyrste skriftlege framstillingane, dei eldste ein kjenner til er jordlover og nokre religiøse tekstar frå om lag 1150. Elles går runer og latinske bokstavar om kvarandre i fleire hundreår. jfr runeinnskrifta på Alstad frå omlag 1190.

## **MOT EIT NORSK SKRIFTSPRÅK.**

Dei som skreiv dei fyrste skriftene nytta visseleg sitt eige talemål, det fanst inga norm for korleis dei skulle skrive.

Men alt på 1000 talet var det nok ikkje liten skilnad på talemåla i landet, så dei skriftlege framstillingane var ganske ulike landet over. Det var likeins mykje famling og vakling den fyrste tida naturleg nok.

Det var helst språkbruken i kongen sitt kanselli som var den mest normgjevande. Men kongane flutte rundt på den tida, og dermed var også rekrutteringa til «hoffet» ueins språkleg sett. Og det tidlege skriftspråket vart dermed påverka av fleire dialekter.

No følgjer ei blømingstid for Noreg og norsk kultur. Og Noreg fekk ein kultur og eit språk i kulturen som var særeige for landet.

Men det skulle koma nedgangstider. Tidene på 1300-1400 talet var ringe på så mange måtar so og på det kulturelle området.

Svartedauden gjorde sitt. Mange av dei skrivekunnige døydde, og med det det gryande norske skriftspråket. Landet kom under svensk og seinare dansk overherredøme, og kva det førte til, veit me alle. Men det er ikkje sagt at det berre var gale.

Før me forlet riksspråket heilt og går over på dialektutviklinga, skal me sjå litt på runene som fenomen.

## **RUNER:**

Som nemnt ovanfor var runene bruka til å uttrykke språket skriftleg før bokstavane kom i bruk.

I Rollag finst ei runeinnskrift. Ho står fint innskore på ein stokk i trappa mellom fyrste og andre høgda i stabburet på Alstad.

Her står:

*g æ i r m u n t e r g e r d e m i k*

*Gjermund gjorde meg.*

Ein må tru at byggmesteren heitte Gjermund, og at det er huset som talar. Etter dei teikna som er nytta meiner forskarane at inskrifta skriv seg frå om lag 1150 pluss minus nokre år.

Dette er rein gamalnorsk eller norrønt språk, og det er soleis ikkje noko dialektmerkje å finne her enno.

## **DIALEKTFRAMVOKSTER:**

Til no har vi sett på ulike forandringar i språket i eldgamal tid. I vikingtida heldt den forenklinga fram som starta i overgangen mellom *urnordisk* og *norrønt* mål.

Me er framleis på sporet av mannsnamna *Hariwulafar* og *Stainawarjar*. No møter me dei att i endeleg og kjent form Alf og Steinar. No på 13- og 1400 talet skjer det fleire slike og andre forandringar/forenklingar. Og i denne tida får dialektane si form.

Landet vårt har ganske spesielle geografiske forhold med fjordar, dalar og fjell. Landslutane er skilde og isolerte store delar av året, og språket likeso. I desse hundreåra utviklar språket seg i alle landslutane etter dei same lovene stort sett, men med ulik fart og i ulik retning og omfang.

Alt fyre 1350 er det faktisk so stor forskjell på dialektane at det er mogleg dele dei inn i hovudgrupper.

Frå 1320 talet finst eit brev frå Numedal som ein tydeleg kan sjå er austnorsk, ja ein finn til og med drag som sporar det til Numedal. Det vart skrivi mange brev på den tida om handel, arv og liknande. Brevva var prega av miljøet dei var skrivne i og ofte var det miljøet rundt biskopseta som prega skriftspråket, som det var rundt kongsseta tidlegare. Numedal kom under Hamar bispesete alt i 1152. Da skjedde eit skifte i kyrkjeordninga i Noreg. Kardinalen Nicolaus vart sendt hit av paven Eugenius III for å ordne kyrkjestellet. Nickolaus Brekespear var opphavelig brite, men tilknytninga til vatikanet gjorde han nok til ein pavetru kardinal. Kardinalen vart her berre i to år før han vart pave sjøl, men på desse to åra oppretta han erkebispestolen i Nidaros og ordna det slik at Numedal og Øvre Telemark kom under Hamar bispesete.

Dette må vi tru fekk å seia for utviklinga av skriftspråket i dette bispedømet.

Men no om dette brevet frå 1320 åra. Det er skrivi av Bjørn Løgmann i Skien. Bjørn var etter all sannsynlegheit herifrå dalen. M Hægstad har i boka si om *Vestlandske målføre fyre 1350* knytt nokre kommentarar til formene *dannan* og *dassan* (peikande pronomen). Bjørn Løgmann brukar desse formene og Hægstad meiner at alt på denne tida var dette former som var typiske Numedalsformer. Det Bjørn Løgmann skriv elles er i hovuddrag gamalnorsk. Så beint noko Numedalsmål er det uråd å snakke om enda. No kjem vi over i ein bolk der gamalnorsken eller det norrøne språket går over i nyare norsk. Somme kallar det *nynorsk*, men det kan forvirre avdi nynorsk som skriftspråk fyrst kjem med Ivar Åsen som kjent. Eg vil heller kalle det *nyare norsk* dette som no gror fram. Frå no av må ein tru at vi hadde forstått det som vart sagt, dersom vi hadde hatt høve til å gå tilbake til la oss si 1450. I eit dokument frå 1447 som omhandlar Landsverk står ei formulering som tyder på at Landsverk var to gardar: *a Lanzswerkiæ i øfræ gardonom*



Frå Vamre finst eit diplom frå 1471. Her kjenner me heile ordlyden og tek det med som døme på språkbruk på 1400 talet:

*Ollom monnom thøm som thetta bref see edher høyra sendæ Ketil Torgrimsson ok Steingrim Lidwardzson laghrettis men q.g. ok synæ kunnith gørande at mydh warom a Vpgarden Wamboom er ligger j Rollakx sokn j Nomadale a sunnadaghen nest efter Halwardhz wkw anno dominj medlxxi saghom ok hørdom vppa ath the heldo handom saman af enne halfuo Narfue Helleksson ok Asa Erixdotter egyn kona hans æn af adro halfuo Rolf Saluesson med thy skilordhe ath ford. Narfue kendis selth hafua aderd. Rolf thwa Thoo garda ok Hvammen ligga tessa iordher i Weglidasokn j forsagdan daal skal ford. Rolf filgia ford. iordum frisala ok akeralwsa fire hwrim manne med lutom ok lunnindom som til thera jordher ligger ok legith hafuer forno ok nyo vttan gardz ok innan j mellom gambla Twndro ok Gaasthyen vndhan ford. hionom Narfua ok Aso ok theras erwingia, ok vndher Rolf ok hans erwingia til ewerdeligha eygo ok alz afredis jtem kendis ok ford. hyon vp hafua boreth firsta pening ok øfsta ok alla ther j mellom efter thy som j koop thera kom ok til sanninde her vm tha hengia mydh okkor jnseigle fire thetta bref som gorth war dagh ok aar som fire segher.*

Dette er ikkje lett å lesa, men ein må tru at det som svensk i dag, er lettere å høyre enn det er å lesa. Kven skrivaren er veit vi ikkje, han er neppe herifrå. Men ein kan sjå at dansk språk som seinare kom til å prege norske skrivarar enno ikkje har særleg påverknad.

### **Her er eit døme frå omkring 1650.**

*Kiendes Jeg Colbiøn Aslachsøn, Boendis paa Neddre Wambre, I Røelaug Sogenn, Wdj Nummedall, och hermed Witterliggt gjør, Att Jeg haffuer Annamet och Oppeborrett, Aff Ehrlig och forstandig Mand, Siuffuor Torstensøn Boendis paa Bechiord her samme steds, Thij goede Rigsdaller in Specie, som hand mig i minn stoere Nøed och Trang Wenligenn Loentt.....*

Som ein ser, på to hundreår har skriftspråket vorte mykje meir dansk.

### **1700-tals Rollag mål.**

Fyrstundes på 1700 talet var Augustinus og Ingebjørg Flor prestefolk i Rollag. Ingebjørg var dotter til gamlepresten Opdal og var født her. Sonen deira, Augustinus voks opp her og kjente Rollag godt. Han var noko av ein diktar og skreiv mange dikt og visur. Syster hans, Gjertrud gifta seg med Tord Nord Fekjan og dei hadde eit stort bryllup. Augustinus skreiv visur på Rollag målet til brureparet. Her er ei av dei:

*Æit vælmeint Brure-ønsie ytta tå æin Rolling*

*Gud lat den giæve Man mæ si den onge Kaanaa  
So lengje leva væl, soem Jientun spine Spaanaa  
So længje Fekjan stæn, aa Fisk ti Kiøni æ,  
So længje, som ej Gjeit paa Tone ropar bæ,*

*So længje, som det flyt æin Timerstok ti Laugen,  
So længje, som dæ flyt æin Kaal-Ve-Knup ve Haugen  
Te N N Nils han bli ret lej taa Brennevine  
Te Ivar Haugen bli ret mæet taa ævi Griine*

*So længje, som dæ æ ti Kiokiene Schius- Schiepar,  
So længje store Folk ti Maten brukar Pepar,  
So længje, som dæi her berømar Sali Knut  
Aa sørja, for-en foor so brat taa Væle ut.  
No du , som hocstal va aa so æi fager Jente,  
Du hena vil som Bruur mæ de te Moen hente,  
So lat me siaan dæ du kan jera dæ so væl,  
Dæ ho ska inkje, soem den fyste døi ihæl.*

Tord hadde Moen eller Prestmoen på den tida, og da dei nygifte kom til Moen etter bryllupet, so hadde dei stor fest. Til denne festen dikta Augustinus ei vise og det fyrste verset går slik:

*Dæ æ bære seint el inkie  
Sea dæi for gamalt Ool  
No æ kaamin Brure-hærkje  
Kari mæ sin lisle Thool,  
Væ vælkaammin! bi no liite!  
Me vil hava kan æin Dram  
Sea vil me te aa biite  
Gvast ti noko anna Kram  
E ska sea dicko Sanning  
haat paa Boole bæras ska  
Dæ æ æi puk`seerle Blanning  
Soem dæi her frambaare ha.<sup>1</sup>*

Som ein ser er det former her som ikkje er i bruk i talemålet i dag, men einskilde former ser me finst i andre talemål. Dicko er bruka i Øvre Hallingdal i dag, her seier vi dekkann no.

Utviklinga går no mot vår tid. Mange av dei som reiste til Amerika heldt lengje på gamal uttale og gamle ord. Den kjente Wiliam Nelson sendte meg ein lyd-kassett for 20 år sidan der han og Nilmer Bjørndalen og eit par til sat og prata om laust og fast. Og det var tydeleg å høyre at dei hadde fleire alderdommelege former enn me hadde att her. Det er ikkje så rart i og for seg, da dei kom over møtte dei engelsk, og det var så ulikt dialekta dera at det ikkje vart noko påverknad.

---

<sup>1</sup>Avskrift frå Tov Flatin: Gamalt frå Numedal 1

## Om lydverket:

Her er ein oversikt over korleis uttala av vokalane var i Rollag-målet.

- e- i Rollag målet er vanleg stengd -e- som i *bekk-hekk* osb. Men i ordet *hest* er opna noko og ligg mellom -e- og -æ-. Dersom -e- lyden er lang vært han nærmast til ein -æ- som i td. *væva*.
- i- er den vanlege norske -i-. Ein kunne nok før merke ein liten skilnad på lang og kort -i-lyd. I *fisk* er -i-lyden litt slappare og følgjeleg ikkje so skarp som i *is*.
- o- er vanleg -o-som i dei andre nordiske språka.
- u- er vanskeleg å plassere. Det er skilnad på -u-lyden i td *sjuk* og *hus*. I *sjuk* er lyden noko meir stengd enn i *hus*
- y- er lik den vanlege norske -y-. Men i somme samanstillingar er lyden noko slappare enn i andre som i td. *synes*.
- æ- samsvarar med -æ- i dei øvrige norske fjellbygdmåla unnateke Gudbrandsdalen. -æ-lyden er altså ikkje so brei som i austlandsk.
- ø- er og vanskeleg å fastslå uttala av. Avdi -ø- vert uttala ulikt i ulike samansetjingar. Men stort sett er det to -ø- lydar i Rollagmålet. Open -ø- som i *vøll* og stengd som i *høne*.

## Diftongane:

Dei gamalnorske diftongane som i vår tid vert skrivi -ei-, -au-, -øy- har i Sverige og Danmark og den austlege delen av Sør Noreg vorte forandra. Likedan er det i austnorske byspråk. Det har ført til at td. *bein* har vorte til *ben*. Diftongane har halde seg her i bygda, men ein kan merke ei endring no i det seinare. Mange seier no *dø* for *dau* og *rø* for *rau*. Vidare *jo* for *jau* og endeleg *delt* for *deilt*.

I diftongen -au- har der skjedd ei endring i dei siste femti åra. Tidlegare sa ein nærmast -øu- i td *røu*, *søu*, *jøu* osb

## Konsonantar:

Konsonantlydane skil seg ikkje frå resten av landet. Likevel er det grunn til å merke seg at -d- i samansetjing med -r- til -rd-. Slik som i *far din*, *mor di* td. Her verkar -r- og -d- inn på kvarandre slik at det høyrer ut som dobbel -rr-. *Farrdin*, *morr di*.

-r- og -d- verkar og på kvarandre i samanstillinga *har du* og *var du* slik: *ha du* og *va du*. Dette finn vi elles ikkje i andre Austlandsmål.

### **Tjukk L:**

Gamalnorsk *-l-* og *-rd-* blir her i Rollagmålet til det ein kallar tjukk *-L-*. Det er likt på Austlandet og i Trøndelag. td. *bLå* og (gard) *gaL*.

### **Gamalnorsk hv-:**

Gamanorsk *hv-* som i *hvit* har her gått over til å bli *gv-* som i *gvit*. Dette er eit særfenomen for den vestlege delen av Buskerud og den austlege delen av Telemark. Likedan var det slik i nordre del av Vestfold. I Rollag står fortsatt *gv-* sterkt og det er lite som tyder på at den vert borte før noko anna målmerkje i dialekta her. Eksempel er forutan *gvit*, *gvandags*, *gvass gvemin*, *gvile*, *gviskre*, osb.

### **Palatalisering:**

Dette rare namnet skriv seg frå latinsk namn på gommen i munnhola. Dersom ein legg tunga opp mot gommen for å laga ein lyd kallas det palatalisering. Tunga går opp mot palatalus. Dette er mest kjent i trøndervitsen om *mainn med hainn hoinnn i bainn*. Den type palatalisering har ikkje me her. Derimot har me fenomenet i ord med *-kkj-* i seg.

Mest bruka er sjølvsagt *ikkje*. Men og i *sløkkje*, *høggje*, *sakjir*, *følkje*, *ringje* osb. Det viser seg at denne palataliseringa er på veg ut blandt yngre. Dei seier td. *sløkke* og *ringe*.

### **Jamning:**

Jamning er ein lydovergang ein finn i Rollagmålet. Og sjølvsagt på same måten i Austtelemålet.

Dette gjeld tostavingsord som har fått likt trykk og i ord der vokalane i fyrste og andre staving har påverka kvarandre til å bli like.

Døme på jamning i Rollagmålet:

*båká*, *kåmmår*, *kåmmå*, *håpå*, *døggør*, *støvør*, *rutur*, *grisir*.

Dette fenomenet er på vikande front. For mange yngre vil det vera utenkjeleg å si *døggør*.

## SUBSTANTIVBØYING.

Før me ser på bøyinga kan det vera greitt å sjå litt på uttala av fleirtalsformene. Tidlegare sa ein *hestar* med ein nokså klar *-a* lyd. Denne *-a* lyden finn ein nok i Vegglimålet framleis, medan i Rollag er han på veg ut. Her er ei blanding. Somme heldt på ein *-a* som er ei slags mellomting mellom *a* og *æ*. Meda andre har *-æ* lyd. Eg har vald å bruke *-æ* lyden, gjennomført, avdi dei fleste vil kunne kjenne seg att i den. Men bokstaven *æ* dekkjer ikkje lyden slik han vert uttala, men det er det næraste eg kjem utan å bruke lydskrift.

### 1. HANKJØNNSORD

#### a. ord med opphavleg *-ar* ending i fleirtal

ubunden form eintal	bunden form eintal	ubunden fleirtal	bunden fleirtal
ein hest	hesten	hestær	hestænn
ein gutt	gutten	guttær	guttæn
ein stakk	stakken	stokkær	stokkæn
ein spennil	spenniln	spennilær	spennilæn

#### b. ord med opphaveleg *-ir* i fleirtal

ubunden form eintal	bunden form eintal	ubunden fleirtal	bunden fleirtal
ein gris	grisen	grisir	grisin
ein søu	søuen	søuir	søuin
ein veig	veigen	veigjir	veigjin
ein benk	benken	benkjir	benkjin
ein streng	strengen	strengjir	strengjin

**c. linne hankjønnsord med jamvekt.**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ein hågå	hågån	høggør	høggøn
ein mågå	mågå	møggør	møggøn
ein dag	dagen	døggør	døggøn
ein påså	påsån	pøssør	pøssøn
ein jåså	jåsån	jøssør	jøssøn

**d. linne hankjønnsord utan jamvekt**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ein bane	banin	banær	banænn
ein granne	grannin	grannær	grannænn
ein måte	måtin	måtær	måtænn
ein time	timin	timær	timænn

Her går eit skilje i bygda. Nørdst seier dei timin osv. Men sønst seier dei timen. Skiljet går i Trågardan omtrent.

**e. hankjønnsord med omlyd i fleirtal**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ein bonde	bonden	bøndar	bøndænn
ein bror	bror	brøar	brøænn
ein fot	foten	føtær	føtænn
ein mann	mann	mennær	mennænn

**f. hankjønnsord som endar på -nad**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ein måna	mánan	mánær	mánænn
ein bona (bunad)	bonan	bonær	bonæn

**2. HOKJØNNSORD****a. -a bøyning**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ei myr	myre	myrær	myrænn
ei kjar	kjyre	kjynnær	kjynnænn
ei dynn	dynne	dynnær	dynnænn
ei bjørk	bjørkje	bjørkær	bjørkænn

**b. -i- bøyning**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ei skál	skåle	skálar	skálinn
ein vik	vikje	vikjir	vikjinn
ein sag	sagje	sagjir	sagjinn
ei seng	sengje	sengjir	sengjinn

**c. linne hokjønnsord utan jamvekt**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ei jente	jenta	jentur	jentunn
ei fente	fennta	fenntur	fenntunn
ein tøle	tøla	tølur	tølunn
ei suppe	suppa	suppur	suppun
ei fele	fela	felur	felunn

**d. linne hokjønnsord med jamvekt**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ei viku	viko	vikur	vikunn
ei smiu	smio	smiur	smiunn
ei huku	huko	hukur	hukunn
ei stugu	stugo	stugur	stugunn

**e. hokjønnsord med omlyd i fleirtal**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ei bok	bokje	bøkær	bøkænn
ei ásp	áspe	espær	espænn
ei tå	tåe	teær	teænn
ei nått	nåtte	nettær	nettænn



**f. andre hokjønnsord utan omlyd i fleirtal**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
ei nett	nette	nettær	nettæn
ei jeit	jeite	jeitær	jeitænn
ei seter	setre	setrær	setrænn

**3. INKJEKJØNNSORD****a. sterke inkjekjønnsord**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
e` eller ett skåp	skåpe	skåp	skåpo
« berg	berje	berg	bergo
« hus	huse	hus	huso
« bruk	brukje	bruk	bruko

**b. linne inkjekjønnsord**

<b>ubunden form eintal</b>	<b>bunden form eintal</b>	<b>ubunden fleirtal</b>	<b>bunden fleirtal</b>
e` eller ett øuge	øuga	øugur	øugunn
« hefte	hefte	heftur	heftunn
« stykkje	stykke	stykkejur	stykkejunn
« eple	eple	eplur	eplunn

## ADJEKTIV

### 1. Bunden form av adjektivet

Hankjøn: *Denn brone hesten*  
Hokjøn: *Denn fine jenta*  
Inkjekjøn: *Det raue eple*  
Fleirtal: *Dei bratte bergo*

Her ser ein at adjektivet har -e ending som på nynorsk.

### 2. Ubunden form av adjektivet

Hankjøn: *ein lentug kar*  
Hokjøn: *ei kjåklin kjæring*  
Inkjekjøn: *è(ett) bratt berg*  
Fleirtal: *fine hus*

Stort sett følger dette nynorsknormalen, men endinga *-in-* i hokjøn er typisk. Likedan *-ug-* i hankjøn. Dette er ikkje kjønnsbestemt, men er ei vanleg adjektivending. Vidare seier ein i Rollag et *nørst flagg*. Ingen av normalspråka her til lands har denne *-t* endinga.

### 3. gradbøying.

<i>skakk</i>	<i>skakkare</i>	<i>skakkast</i>
<i>gaLin</i>	<i>gaLnare</i>	<i>gaLnast</i>
<i>styg</i>	<i>stygare</i>	<i>stygast</i>
<i>jærskLe</i>	<i>meir jærskLe</i>	<i>mest jærskLe</i>
<i>få</i>	<i>fåare-færre</i>	<i>fåaste, færrast</i>
<i>mange</i>	<i>fleire</i>	<i>flest</i>

### 4. Om adjektivbruken

*Lite lort i maten o lite skjenn i huse æ helsesamt.*  
*Lat skreddær brukar lang trå*  
*Smelfin jennnte bli trøll te kjæring*  
*Han æ dugele brettug/vanin*  
*Dæ va ein raklin kjælke*  
*Dæ va no ein kråsin kar*  
*Denn bikkja va urugg*

Adjektivet er krydderet i språket og i Rollagmålet har det vore og er ei mengd svært gode adjektiv. Dei kan vera vonde å forstå for dei som ikkje kjenner dialekta. Ofte er det vanskeleg å omsetja eller erstatte det med eit anna kjent ord, det kan vera nødvendig å bruke ei heil setning for å finne den rette meininga.

## KASUS

Gamalnorsk språk skilde etter samanhengen på fire kasus. Nominativ-akkusativ-dativ og genitiv. Det var substantiv og adjektiv som vart brigda i dei ulike kasus, og det var tilhøva mellom orda i setningen som avgjorde kva kasus som vart nytta. Subjektet sto i nominativ, objektet i akkusativ og preposisjonane styrte akkusativ, dativ eller genitiv. Dette kjenner ein att i tysk. Fleire omsyn spelar og inn, men dei tek me ikkje med her.

I dag er det berre nominativ og akkusativ som lever. Av dativ og genitiv finst berre restar. I inkjekjønn bunden form har dativforma overlevd td. i *bergo-huso* ol. Ei anna dativform som lever er i uttrykket *på mørkjinn*.

Dativ lever derimot i ein del faste uttrykk og nok i somme stadnamn. Av uttrykk med dativ kan nemnast. *I vego -dei æ vel snart i vego no*. Tyding: dei kjem vel snart no. *I hælom etter-han var i hælom etter me*. Og til slutt *longo-dei er longo vaksne*. Det tyder dei er forlengst vaksne.

*Genitiv har flere leivar.td. te fjells-te skogs-te stes-te stegs- te husars-i betiss-te hørnings-te lutars-te inkjes-*

## PRONOMEN

### 1.personlege pronomer

#### Eintal:

	<u>subjektsform</u>	<u>objektsform</u>	<u>eigedomspron</u>
1 person:	<i>e`</i>	<i>me`</i>	<i>mi, minn, mitt, mine</i>
2 person:	<i>du</i>	<i>de`</i>	<i>di, dinn, ditt, dine</i>
3 person:	<i>hann</i>	<i>hono, honon- (m)</i>	<i>hass</i>
3 person	<i>ho el o</i>	<i>hennar, hennna</i>	<i>hennas</i>
3 person	<i>de</i>	<i>de</i>	

#### Oppgave:

Lag setningar der du nyttar formene ovanfor:

---

---

---

---

---

---

---

**Fleirtal:**

1.person:	<i>me</i>	<i>kann</i>	<i>kanns-kann</i>
2.person:	<i>de</i>	<i>dekkan</i>	<i>dekkas-dekkan</i>
3.person:	<i>dei</i>	<i>dei</i>	<i>deres</i>

**Oppgave:****Lag setningar der du nyttar formene ovanfor:**

---

---

---

---

---

---

---

**d. Peikande pronomen**

I Rollagmålet skil ein som på engelsk på dei peikande pronomen.

1. Det som er nært
2. Det som er lenger unna

I Rollagmålet er dette slik:

**1. Det nære.**

<u>1.Hankjønn/hokjønn</u>	<u>Inkjekjønn</u>	<u>Fleirtal</u>
<i>dennen</i>	<i>detten</i>	<i>dessen</i>
<i>denne</i>	<i>dette</i>	<i>desse</i>

**2. Det fjerne**

<i>dannan</i>	<i>dattan</i>	<i>dassan</i>
<i>da</i>	<i>da el. de</i>	
<i>danna-dann</i>	<i>datta</i>	<i>dassa</i>

**Oppgave:**  
**Lag setningar der du nyttar formene ovanfor:**

---

---

---

---

---

---

---

---

### 3. Ubundne pronomen

Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
all	all	allt	alle
a`n	ana	ana	andre
ingen	inga	inkje	ingen
hør - hår	hør-hår	hørt-hårt	
engøl	engøl	engølt	
	eiøl	eiølt	

**Oppgave:**  
**Lag setningar der du nyttar formene ovanfor:**

---

---

---

---

---

---

---

---



## VERBA

### 1. Kløyvd infinitiv

Den kløyvde infinitiven fører til at ein har

- a). **-e** som infinitivsending etter lang rotvokal. Slik som i td. *bite-gråte-danse-ause-slite*
- b). **-a** som infinitivsending etter kort rotvokal. Slik som i td. *krevja-selja-lesa-veta-sitja*

Likevektsorda har alltid jamning -å-å i infinitiv. Slik som i td. *gråvå-fårå-råå-håpå* (gå baklengjes)

### Linne og sterke verb

Dei linne verba får ending i fortid (preteritum) Dei vert delt inn i klasser etter kva ending dei får. Linne verb får desse endingane i fortid: --a, --dde, --de, --te.

Dei sterke verba får inga ending i fortid. Derimot får dei ofte vokalskifte.

Oppsettet er det same som Karl Bjørset nytta da han skreiv om Nord-Rollagsmålet i eit kort omriss.

### Linne verb

#### 1. klasse

Infinitiv	presens	preteritum	perfektum
å kasste	kasstar	kassta	kassta
å takke	takkar	takka	takka
å målå (e)	målår	målå	målå
å låvå	lávår	lávå	lávå
å båkå	båkår	båkå	båkå
å plågå	plågår	plågå el plå	plågå
å vårå	vårår	vårå	vårå
å lågå	lågår	lågå	lågå
å trega	tregar	trega	trega
å søume	søumar	søuma	søuma
å døue	døuar	døua	døua

## 2.klasse.

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å tru	trur	trudde	trudd -trutt
å spå	spår	spådde	spådd-spått
å bu (somme seier bo)	bur	budde (bodde)	budd-butt (bodd)
å føLgje	føLgjer	føLdde	føLdt
å leva	lever	levde	levd
å tåpå	tåpå	taffte	tafft
å tølja	tøl	tøldde	tøld- tølt
å bøyge	bøyger	bøggde	bøggd

Som ein ser av det siste dømet, *å bøyge* så skjer det ei monoftongering i preteritum (y-en blir borte) Ein skal ikkje lenger enn øvst i Veggli for å finne forma *bøygde*.

## 3. klassa

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å førtæLja	førtæL	førtæLte	førtæLt
å leggje	legg	la	lakkt
å sea-si	si	sa	sakkt
å tia	tier	tagde	takkt
å sekkja-setta	sett	sette	sett
å skjilja	skjill	skjild(t)e	skjillt
å spørja	spør	spurde	spurd(t)
å sømmja	sømm	sømmte	sømmt
å fløkkja	fløtt	flutte	flutt
å drøsjja	drøs	drusste	drusst
å synnas	synnn(a)s	synntes-totte	synns

Som imperativ i klassa ovanfor vert ofte infinitivsforma nytta eller som oftast presensforma. Men ved verbet *sea* vert -seg nytta som imperativ. Før vart *-seig* bruka og. *Tosk seig du!* Det tyder at du skal si til han at han er ein tosk. (eller ho) Elles er det å nemna at perfektumforma kan ha både -d og -t i endinga. Det same gjeld for 2. klassa.



**UREGELMESSIGE VERB:**

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å vilja	vill	vilde	vilja-via
å skuja.skua	ska	skulde-sku	skuja-skua
å konna	kann	konna	konja-konna
inf. manglar	tar	turte	turrt (behøve)
å veta	veit	visste	visst
å måja-måttja	må	måtte	mått-måttja-måkja
å eige	eig	eggde	eggd-ekkt
å ha	har-ha	hadde	hatt

**STERKE VERB:****Klasse nr 1.**

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å finne	finnt	fannt	fønne
å spinne	spinnt	spannt	spønne
å binde	bitt	batt	bønnde
å drikke	drekk	drakk	drøkkje
å smelle	smell	small	smølle
å svellte	svellt	svallt	svøllte
å tyggje	tygg	tøggje-tøgg	tøggje
å høgge-høggje	høgg	høggje-høgg	høggje

Imperativ her er td. finn-eller finne

**Klasse nr 2.**

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å lesa	les	les-las	lese

å drepa	drep	drap	drepe
å gjeva-gje	gjev-gi	ga	gjeve-gjitt
å gjeta (å si)	gjet	gat	gjete
å bæra	bær	bar	børe
å bea	ber	ba	bee
å skjæra	skjær	skar	skøre
å væra	æ (æra flt)	va	vøre
å såvå	søv	svav	søve
å eta	et	åt	ete
å liggje	ligg	låg	liggje
å kåmmå	kjæm	kom	kømme

Imperativ er td. kåmm eller kåmmå

### Klasse nr 3.

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å bite	bit	beit	biti
å slite	slit	sleit	sliti
å rise	ris	reis	risi
å sige	sig	seig	sigji
å drive	driv	dreiv	drivi

### Klasse nr.4

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å brøte	bryt	brøut	brøte
å skøte	skyt	skøut	skøte
å fløte	flyt	fløut	fløte
å strøke	stryk	strøuk	strøkje
å drype-drøpe	dryp	drøup	drøpe
å krøpe	kryp	krøup	krøpe
å smøge	smyg	smøug	smøgje
å fløge	flyg	fløug	fløgje
å røke	ryk	røuk	røkje
å lyge eller juge	lyg	løug	løgje

å løkja	lyt	løut	partisipp manglar
å sy(småkoke)	sy	søu	sydde(sytt) lite bruka

### Klasse nr.5.

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å fårå	fær	for	fare-føre
å gråvå	græv	grov	grave
å gålå	gjæl	gol	gale
å målå	mæl	mol	male
å skåkå	skjæk	skok	skakje
å gnågå	gneg	gnog	gnagje
å ta	tek	tok	tikji
å dra	dreg	drog	drigji
å slå med ljå	slær	slo	sligji
å slå med handa	slær	slo	sligji
å veva	vev	vov	vøve
å vega	veg	vog	vøgje
å døy om folk	døyr	dø	døtt(-dd )
å vekse	veks	voks	vøkse
å svike	svik	sveik	svikji

Døy er brukt i noko meir høgtideleg tale jfr. daue om dyr.

### KLASSE NR. 6

<b>infinitiv</b>	<b>presens</b>	<b>preteritum</b>	<b>perfektum</b>
å gråte	gret	gret	grete
å låte	let	let	lete
å gå	gjeng	gjekk	gangje
å få	fær	fekk	fått
å hengje	heng	hekk	hengje
å hange	heng	hekk	høngje
å (h)eite	(h)eiter	(h)ette	(h)ett-(h)eitt


### PERFEKTUM PARTISIPP:

Rollagmålet heldt på samsvarsbøying i partisipp.

Hankjønn: *Stilen æ skrivin tå Pær.*  
Hokjønn: *Bokje æ skrivin tå ein lærd mann.*  
Inkjekjønn: *Brevet æ skrivi tå me..*  
Fleirtal: *Bøkann æra skrivne tå fleire.*

### PRESENS PARTISIPP:

Presens partisipp endar på -anes.

*Dei kom slengjanes.*  
*Han kom vagganes.*  
*Ho kom syngjanes*  
*Dei kom springanes..*

### ADVERB:

Her er sett opp dei mest vanlege adverba på nynorsk mot dei same i Rollagmålet.

#### Rollag:

*åvom-åvåfør*  
*innnom*  
*bortom-boLom*  
*åvånte*  
*attom-bakom*  
*nolom*  
*noLante*  
*noLme-noLve*  
*utante*  
*attende*  
*bortme-bolme*  
*bakafyre-bakafyry*  
*fyry*  
*utme-utve*  
*nedme-nedve*  
*hitme-hitve*  
*summe-summve*

#### Nynorsk:

ovanfor  
innafor  
bortafor  
ovantil  
attafor  
nordafor  
nordatil  
nordmed  
utanfrå  
tilbake  
der borte

**TIDSADVERB:****Rollag:**

*støtt*  
*alder-aller*  
*sommeti-sommeti-sommti*  
*enno*  
*me*  
*ista*  
*lengje*  
*sjella*  
*nokko sinne-nokkon gong*  
*jamt*

**Nynorsk:**

alltid  
 aldri  
 av og til  
 ennå  
 medan  
 i stad  
 lenge  
 sjeldan  
 nokon gong  
 ofte

**MÅTESADVERB:**

*anslenn-ansless*  
*likens-likens*  
*solessa-slekk so*  
*jenne*  
*hell*  
*sammen*  
*beint*  
*endele*  
*væl*  
*rettig-rekti*  
*ihopes*  
*sammre*

annleis  
 likeins  
 såleis,  
 gjerne  
 heller  
 saman  
 beint fram  
 endeleg  
 vel  
 riktig  
 i hop-saman  
 same

**GRADSADVERB:**

*allo best*  
*enno*  
*likso-likeso*  
*mykjkjy-e*  
*mest-omtrent-nesten*  
*nomme ner*  
*tålle-temmele*

aller best  
 enda  
 likså  
 mykje  
 nesten  
 nåme nær  
 tålleg-temmeleg

**NEKTINGSADVERB:**

*inkje-ikkje-allder*

ikkje

**UNDERSTREKINGSADVERB:**

*bærre*  
*me*

berre  
med

**MOTSETNINGSADVERB:**

*elles-hell so*  
*likevæl-liksovæl*  
*sammre hå*  
*no*

elles  
likevel  
samme kva  
da

**BINDEORD:**

Jamstellande:

*o*  
*hell-ell*  
*førr*

og  
eller  
for

**TID:**

*da*  
*nær-når*  
*innafor*

da  
når  
innan

**ÅRSÅK:**

*førr-førrdi*  
*sea*

fordi  
sidan

**VILKÅR:**

*om-viss*  
*om-viss*  
*soframt-om-viss*

dersom-hvis  
i fall  
så framt

**FØREMÅL:**

*so mykjke-berre so*  
*att*

så mykje  
at

## VEDGÅING:

*sjøl om  
jamvæL-jamveLt*

sjølv om  
jamvel

## FØLGJE:

*slekk att  
so att*

slik at  
så at

## SAMANLIKNING:

*enn-hell  
somm  
akurat som-beint som  
te  
te*

enn  
som  
nett som  
dess  
di

## PREPOSISJONAR:

*tå  
etter  
før  
gjønnom  
jå(hos i søre delen av bygda)  
i (ti visstnok i gamal tid)  
etter  
te-åt  
onnder-opponder  
uten-uta-føruta  
mot-imot  
me  
frå  
ve sia tå-jamsies  
bak-bakom-bakaførr-baka  
åver  
frammom  
myljom  
otor  
fyre-før*

av  
etter  
for  
gjennom  
hjá  
i  
langs med  
til  
under  
utan  
mot  
med  
frå  
ved sidan av  
bak  
over  
framom  
mellom  
ut av  
før-føre





---

---

---

---

---

---

---

## MÅLPRØVE FRÅ ROLLAG:

### GjartrusfuggLn.

*Dæ va ein gång ei jennnte som heitte Gjartru som satt o båkå, ho hadde tikjkji på se noko lefsebakst o no treinte ho før o bli fælig. Jennnta va truvælig ho, so ho va kje lengje om nokon lefsur. Ho satt i ellhuse på galn, på skallin hadde ho ett røtt skaut o so hadde ei gvit sjurte på se.*

*Da det lei på eftan kom det ei kjæring gåanes o inn i ellhuset te jennnta.*

*-Jasså du driv å båkår sa kjæringje*

*-Ja e gjær no dæ sa jennnta, dæ æ så mannge som ska ha lefsur*

*-Ja e tennkte e sku ha e me, sa gamla*

*-Dæ konna du jenne fått hadde e bærre ti te dæ, men æ dæ slekk at du æ søltin so kan du bli me inn o eta mæ kann.*

*-Nei e æ kje søltin, men datter mi ska gifte se i kvell o da må me ha mat*

*No vart jenta hallredd, hå va detten før slaks kjæring som sku halde bryllupp før datter si midt i viko? Da ho snudde se før o glane næmmare på o, vart gamla sinna o tok i-*

*-E ska gje de e, denn som ikkje gje me suvul ska bli ein fuggel.*

*Da vart jennnta lågå om te ein fuggel o ho for opp gjønno pipa, o ho vart kølende svart tå sote i pipa, men skaute vart ikkje svart, o slekk fekk dennen fuggeln ei rau hette på skallin. O i all etterti vart fuggeln flyganes me rau hette o skrike. Slekk vart Gjartrudsfuggeln te-Gjartrusfuggeln dæ æ Svartspetten dæ-*

Numedal er som tidlegare nemnt delt språkleg sett. Skiljet mellom fjellbygdsmål og flatbygdsmål følgjer kommunegrensa mellom Rollag og nabokommunen i sør, Flesberg. Eg skal no vise at Rollagsmålet høyrer med til ei større dialektgruppe som er kalla Aust-telemålet. Det er visse særdrag som er felles for kommunane Tinn, Hjartdal, Hovin, Nore og Uvdal og Rollag i denne gruppa. I denne teksten finn vi døme på ord som høver inn i denne dialektgruppa.

Dette er:

-Jammvekt mål, dvs. at det er same lyden i fyste og siste staving som i fks. *mågå, hågå* og som her i teksten *båkå*.

-Vidare ser vi at gno.l bli til tjukk **l**, fks. i *fugl*.

-*I ellhuse på galn* som vi finn i målprøva ser vi at gno. rd- ending som går over til tjukk **l**, fks. *gard* - bli til *gal*.

-Det blir også bruka gv- forstavelse istaden for gno. forstavelse hv-. Fks. i ord som *gvakk-gvefs* og *gvit*. Dette er eir særdrag for denne delen av landet.

-Til slutt ser vi i teksten dei personlege pronomena:

1.pers.eintal *e* for eg,

1.pers.fleirtall *me*, for vi.

*kann* for oss.



---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

## ALFABETISK ORDLISTE

Her vil du finne bortimot 500 ord. Ordlista er slett ikkje fullstendig, men det er ein start. Mange ord er dessutan ganske begrensa brukt. Familiar kunne ha sine egne ord/uttrykk som få andre bruka td. Eit slikt ord er *puddemus* som er bruka av ein familie eg kjenner. Ordet tyder rusk eller ruskeri.

Dette er for det meste det ein vil kalle gamle ord og uttrykk. Mange av dei er gått ut av bruk. Mange av dei som er gått ut av bruk hørte til ei anna tid og andre levekår enn dei vi har i dag. Solein vil dei heller aldri koma att. Men det kan vera interessant likevel å sjå noko av rikdommen språket vårt har hatt.

Ordlista er som sagt mangelfull; det er mange ord og uttrykk som kunne vore med, men som me ikkje har komme på i farten, eller som me rett og slett ikkje kjenner. Dessutan er det mange ord som er så vanlege at dei ikkje er teke med.

Difor er det gjort plass lenger bak slik at du kan skrive ned ord og uttrykk du kan og hugsar. På den måten blir dei ikkje gløymt.

Dei fleste orda har ordklasse ført i parantes etter seg slik:

s.m er substantiv maskulinum eller hannnkjønn

